

Lindås Båtforening  
c/o Olav Magnus Steinsland Grønfjellet 3  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/19314 - 21/8962

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
09.02.2021

## Avvist søknad om Ny brygge - gbnr 42/1-3 Sæverås

**Administrativt vedtak.**

**Saknr: 190/21**

**Tiltakshavar:**

Lindås Båtforening

**Ansvarleg søker:**

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om dispensasjon for flytebrygge avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 22.12.2020.

Saka gjeld søknad utlegging flytebrygge. Med søknaden fylgjer det eit skriv «søknad om dispensasjon». Det er noko uklart for kommunen kva det er søkt dispensasjon frå.

### Planstatus

Eigedommen er i kommunedeplan for Lindås avsett til småbåthamn (VS 14).

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Det er Lindås båtforening avd. Særverås som er søker for tiltaket. Ved utlegging av flytebrygge for ein båtforening er det krav om ansvarleg søker. Vi gjer merksam på at det under punkt 3.5.9 bokstav b i gjeldande kommunedelplan for Lindås kjem det fram at ved planlegging eller etablering av tiltak skal det gjerast ei særskilt vurdering av vindtilhøva. Det skal planleggjast slik at bygg og anlegg ikkje tek unødig skade av sterk vind.
- I gjeldande kommunedelplan for Lindås går det fram under punkt 3.5.9 at område som er sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl. §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan før tiltak er tillate, med mindre anna går frem av desse føresegnene. Det er gjeve unntak frå krav om reguleringsplan i punkt 2.2.1. Samstundes er det her lagt til grunn at det unntak gjeld for naust, fritidsbustad og bueiningar. Tiltaket er heller ikkje omfatta av unntaket som går fram i punkt 3.1.9 om småtåbanlegg utan krav om reguleringsplan. Samstundes er ikkje tiltaket omfatta av 2.2.3 som gjeld område med krav om detaljeregulering.

I og med at tiltaket såleis ikkje er avklart i gjeldande kommuneplan, gjeld dei generelle føresegnene om plankrav. Det er naudsynt med søknad om dispensasjon frå kravet til reguleringsplan i gjeldande kommunedelplan.

- I og med at tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan, er det også naudsynt med dispensasjon frå byggeforbodet langs sjøen etter plan- og bygningslova § 1-8.
- Tiltaket er ikkje nabovarsla og / eller innhenta samtykke frå heimelshavar.
- Tiltaket krev godkjenning etter hamne- og farvasslova. De kan innhente førehandsuttale frå Bergen og omland hamnevesen.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

## **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. bygesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Båtforening

c/o Olav  
Magnus  
Steinsland  
Grønfjellet 3

5955

LINDÅS